

Styringsgruppa Utviklingsplan HMR HF

Saksframlegg

Prioritering av psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling – satsingsområde i føretaksperspektivet

Saksnr	Utvalsnamn	Møtedato
07/2017	Styringsgruppa utviklingsplan HMR	6. februar 2018

Forslag til vedtak

1. Styringsgruppa tilrår at prioritering av psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling, inngår som satsingsområde i føretaksperspektivet.

Saksframlegg

Prioritering av psykisk helse og tverrfagleg spesialisert rusbehandling har vore eit overordna styringsmål nasjonalt i fleire år. I styringsdokument er det formulert som Den gylne regel. I det ligg det at psykisk helse og rus skal ha ein større vekst enn somatikk. Veksten skal målast i gjennomsnittleg ventetid, kostnader (kostnader til avskrivningar, legemidlar og pensjon synleggjerast, men haldast utanfor) og aktivitet (polikliniske opphald)². Vi viser og til årets

I arbeidet med utviklingsplan for Helse Møre og Romsdal vart Den gylne regel ikkje løfta fram som eit prioritert område på føretaksnivå. Det har vore spelt inn som forslag frå fleire hald å endre på. Det har kome frå koordineringgruppa for utviklingsplanen, det har kome frå fleire hald i høyringsprosessen (både internt i føretaket og eksternt) og frå tilsette i dei sjukehusvise møta.

I arbeidet med risikovurdering av arbeidet med utviklingsplanen vart det også vurdert om helseføretaket si manglande evne til å følgje opp styringskravet om å prioritere psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB), utgjer ein risiko for å følgje opp samfunnsoppdraget. Risikoen blir vurdert å ha *stor* konsekvens om HMR ikkje løyser dette samfunnsoppdraget.

Det vart i dette arbeidet sett opp følgjande risikoreducerande tiltak:

- Signalisert at psykisk helse og rus skal opp på føretaksnivå i utviklingsplanen
- Evne til å prioritere ned andre område, for å få dette området opp
- Sikre rett prioritering innan psykiatrien/rus- prosessforbetringar; DPS-satsing
- Auke samarbeid mellom ulike arbeidsgrupper innanfor feltet (Lege, psykolog etc.)
- Rekruttering og kompetanseheving innanfor ulike område i psykiatrien/